

Ingen ville møta Johanna

RADØY: Det var ikkje akkurat kø ved dørene i Emigrantkyrkja tysdag. Ingen kom for å sjå framsyning «Johanna Brekke».

Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

– Det er sjølsagt trist at ingen ville sjå framsyninga, så me må berre avlysa, sa Haley Wentz til Strilen på Sletta tysdag.

Det var Haley (17) og søstera Hanna (14) Wentz som skulle visa framsyninga om tippoldemora Johanna Brekke og hennar utvandring til USA frå

Namskogan i Nord-Trøndelag rundt 1900.

Søstrene hadde pynta seg i vakre, norske bunader til framsyninga, som skulle by både på forteljing, song, dans og lysbilde.

Jentene, som bur i Minot, Nord-Dakota, har vore på turne i Noreg i regi av The Norsk Høstfest Scandinavian Festival of Minot og Norwegian Cultural Tours i Fargo.

– Me har mellom anna vore i Skien og Kinsarvik, fortel Haley, som på turen har familien med som medhjelparar.

– Det er synd at ingen kom for å sjå framsyninga, spesielt for jentene, men det er ikkje så mykje å gjera med det i ettertid, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk Utvandingssenter til Strilen.

Dei stod berre for annonseringa av arrangementet og har ingen utgifter ut over det.

SMILTE: Hanna og Haley Wentz smilte trass i at ingen ville koma og sjå framsyninga deira i Emigrantkyrkja på Sletta tysdag. Hanna (til venstre) har på seg bunad frå Vest-Agder, Haley har sognebunad. Dei har slektsrøter begge stader.



Svært variable grasavlingar i år

Nokre bønder har dei beste grasavlingane dei har hatt på lenge i år, andre har avlingar under middels.



Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

– Eg er veldig godt nøgd med grasavlingane i år. Eg trur det er med det beste eg nokon gong har hatt, seier Jahn Tommy Midtgård til Strilen.

Han er bonde på Ostereidet og vart ferdig med førsteslåtten førre veke. Då Strilen snakka med han, var han i sving med leigeslått hos ein nabo.

– Eg hadde ein god del vinter-skadar på enga i fjor og har sått i igjen, og det er der eg har dei gode avlingane, seier Midtgård.

Tørre bakkar

Sidan det i år har vore mykje fint ver og lite regn sidan midten av mai, er bakkane også tørre, slik at det vert lite køyreskadar på jorda. Det regnet som har kome til no, har heller ikkje løyst opp jorda, men viss det skal verta gode avlingar også på andreslåtten, ville litt regn gjera godt, seier Midtgård.

– Hos oss er slåtten til normal tid, men eg har snakka med bønder i Austrheim, der det er mykje nordavind, og der er det litt seint, seier han.

Stor variasjon

– Det me ser i år, er at avlingane varierer veldig. Etter at det var mykje vinterskade på enga både i fjor og året før, har mange sådd i nytt gras, og dei har svært gode avlingar, til dels rekordavlingar, seier rådgjevar Lise Austrheim i Norsk Landbruksrådgiving Hordaland til Strilen.



TØRT: Det er framleis tørt i bakken, noko som gjev gode haustingstilhøve, som her på Ostereidet.



REKORD: Jahn Tommy Midtgård er svært godt nøgd med grasavlingane i år.

Ikkje minst gjeld det dei som har sådd raigras.

– Og kvaliteten er svært god, og på grunn av at det har vore relativt kaldt i det siste, vert ikkje kvaliteten forringa så raskt som ofte skjer, seier Austrheim.

Det inneber at ein framleis kan få god kvalitet viss ein slår no.

Natureng

Dei bøndene som ikkje har sådd i nytt gras, og har mykje gammal eng og natureng, har derimot fått relativt dårlege avlingar i år fordi dette graset ikkje veks så godt når det er så tørt som i år, seier Austrheim.

Det tørre veret har og fått ti-

moteien til å skyta sideskot i staden for i toppen, fortel ho.

Fiolett

Kalde netter har ført til at graset enkelte stader har hatt problem med å ta opp nok fosfor frå jorda. Då vert det gjerne litt fiolett i fargen.

– Dei varme dagane rundt pinse gjorde at problemet gjekk over mange stader, men der ein fryktar at det er lite fosfor i føret, bør ein kompensera det med kraftfôr, seier Austrheim.

For å finna ut om det er lite fosfor i føret, må ein ta analysar, og det kan Norsk Landbruksrådgiving Hordaland hjelpe til med, seier Austrheim.

Bruk myrvatn mot myggplaga

Alf Borge har eit tips mot myggen, som kan vera innpåsliten i desse tider. Dette er eit tips Borge har testa ut sjølv, og det funkantar: – Fyll ei flaske med myrvatn og ta med deg. Når du skal vera ute der det er mygg, bruk myrvatnet til å vaska over berr hud, som i andletet og på hendene. Når du er våt av dette vatnet heldt myggen seg unna, seier Alf Borge.